



Mottakere ifølge liste
Økonomisjef Aud Steinsland

Dykkar ref.:
Aud Steinsland

Vår ref.:
20/124 - 4 / GUST

Dato:
29.05.2020

Innspel til kommunens økonomiplan 2021-2024

Time kyrkjelege fellesråd- 035/20, har i møte 27.05.2020 fatta følgjande vedtak:

TKF – 035/20 Vedtak:

Time kyrkjelege fellesråd godkjenner innspelet til økonomiplanen med følgjande endring:

Det vert lagt til 350.000 i stipulert kostnad for interiør/innvendig rehabilitering av seremonirom i Time bårøhus.

Med helsing

Gunnar Stone
Kyrkjeverje

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Kopi til

Ordførar Reinert Kverneland
Reid Ivar Bjorland Dahl

Vedlegg

Innspel til økonomiplan fra Undheim kyrkje	1033	29.05.2020
Tilbud fra Jærsol	1034	29.05.2020
Tilbud fra Norikon	1035	29.05.2020
Time FR notat 18.05.2020	1031	29.05.2020
Notat om prisar, ombygging, utviding, kjøleskap	1067	29.05.2020

Mottakar

Rådmann Tryvge Apeland
Økonomisjef Aud Steinsland



Arkiv: KF-KF, ØKONOMI-
111.0
JournalpostID: 20/523
Saksbehandlar: Gunnar Stone
Dato: 20.05.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Råd	Møtedato
035/20	Time kyrkjelege fellesråd	27.05.2020

Innspel til kommunens økonomiplan 2021-2024

Bakgrunn for saka:

Time kyrkjelege fellesråd v/kyrkjeverje legg i juni kvart år fram innspel til Time kommune sin økonomiplan. Framlegget skal synleggjere planlagde investeringar 4 år fram i tid og rullerast kvart år.

Saksopplysningar:

Driftsbudsjett 2021-2024							
	2019	2020	2021	2022	2023	2024	Budsjett 2021-2024
Kommunalt tilskot, grunnbeløp *	8 046	8 193	8 193	8 193	8 193	8 193	32 772
Diakonstilling	-	-	-	-	-	-	-
Frøyland-Orstad, drift	-	-	80	240	290	340	950
Verneverdige gravminne, rehab	100	-	-	-	-	-	-
IT, digitalisering	100	-	-	-	-	-	-
Generell styrking av driftsbudsjettet	-	-	-	-	100	100	200
Sum	8 246	8 193	8 273	8 433	8 583	8 633	33 922

Driftsbudsjett 2021-2024

Fellesrådet har dei siste åra gjort ein grundig jobb med revidering av innkjøpsavtalar, effektiviseringstiltak og kutt/endingar i stillingar. Dette har bidratt til ein reduksjon i kostnader og sunnare drift totalt sett. Dessverre er det fortsett naudsynt med vakanse i deler av stillingar for å få budsjettet i balanse, noko ein vonar framtidige friske midlar vil bidra til å løyse. Etersom den økonomiske situasjonen i Time kommune er ekstra utfordrande ønskjer fellesrådet å vere tilbakehaldne med sitt innspel til økonomiplanen denne perioden.

Frøyland-Orstad (FOK) - dagleg leiing og drift

Driftsutgiftene for Frøyland-Orstad vert delt mellom Klepp og Time kyrkjelege fellesråd, med tilskot frå kommunane. Opphavleg sum til dekking av desse utgiftene var ved oppstart

av soknet sett til 1,1 mill. delt 50/50 mellom Klepp og Time. Etter årlege lønns-/prisjusteringar har summen frå 2009 til 2020 auka frå 550.000 til 735.000,- på kvar. I denne perioden har driftsutgiftene for FOK auka i tråd med alder på bygg, og behovet for administrativ hjelp har blitt større. I avtala som vart underskriven i 2009 står det at FOK skal ha same vilkår som tilsvarende sokn i Klepp og Time. Både Klepp og Time kommune har gitt ekstra tilskot til styrking av administrative ressursar i sokna, men det er kun Klepp kommune som har gitt dette til FOK. I tråd med avtala vil det vere riktig at Time bidrar på lik linje. Klepp kyrkjelege fellesråd har som mål å auke stilling til dagleg leiging av FOK til 100% innan 2023. FOK er eit svært aktivt sokn som det kan vere naturleg å samanlikne med Bryne sokn, der dei har 100% dagleg leiar stilling. Time kyrkjelege fellesråd stillar seg difor bak innspelet frå Klepp kyrkjelege fellesråd om ei gradvis auke til 100%, der Time står for 50% av kostnaden.

I tråd med alder på bygget og auke i aktivitetsnivå, auker òg kostnad til drift og vedlikehald. Det er difor lagt inn ein auke på 50.000,- i 2023 og ytterlegare 50.000,- i 2024. Klepp kyrkjelege fellesråd vil legge fram ei utgreiing om kostnadar til drift og vedlikehald i framtidig innspel.

Budsjettert kostnad til dagleg leiar av soknet: 80.000,- (240.00 frå 2022).
Auke i vedlikehald/driftsutgifter: 100.000,- (lagt inn frå 2023 og 2024)

Gravplassane

Auke i festeavgift frå 2019 vil få full effekt frå 2024. Fellesrådet legg difor opp til at arbeid på gravplassane utanom det heilt nødvendige blir utsett til effekten av auka festeavgift slår inn.

Forslaget til årleg auke i fellesrådet sitt driftsbudsjettet for 2021-2024 vert:

Frøyland-Orstad - dagleg leiging	kr 80 000,- (240.000 frå 2022)
Frøyland-Orstad - drift/vedlikehald	kr 0,- (50.000,- frå 2023 og 100.000,- 2024)
Generell styrking av driftsbudsjettet	kr 0,- (100.000 frå 2023)

Total styrking av driftsbudsjettet 2021: kr 80 000,-

I tillegg kjem årleg lønns- og prisjustering.

Investeringsbudsjett 2021-2024							
	2019	2020	2021	2022	2023	2024	Budsjett 2021-2024
Bryne kyrkje	0	600	0	0	200	200	400
Time kyrkje	500	0	0	0	200	200	400
Undheim kyrkje	0	0	80	0	100	100	280
Frøyland og Orstad kyrkje	0	375	0	0	100	100	200
Lye forsamlingshus	0	0	0	0	0	0	0
Time bårehus	0	0	3150	0	0	0	3150
Sum	500	975	3230	0	600	600	4430

Investeringsbudsjettet 2021-2024

Total investeringsramme for 2021 er 3.230.000,-.

For perioden 2021-2024 er ramma stipulert til 4.430.000.-

Bryne kyrkje. Svarer til post 4503 i kommunens økonomiplan.

I 2020 er det skifta utvendige lamper på framsida av bygget og i trappegang inne. Hovuddøra har fått automatikk for opning og lukking. Det er i tillegg oppdaga rustspreng i betongen i klokketårnet. Dette vert utreda og vil bli utbedra i løpet av sommaren 2020. Prosjekta vert dekkja av allereie løyvde midle.

Den vidare planen for rehabilitering vil bestå av bl.a:

- * energiforbruk/varmestyring
- * utskifting av vindusfasade på framsida og langsider.
- * rehabilitering av våpenhus og trappeoppgang
- * Heis/universell utforming mellom etasjane
- * oppgradering av noverande barnehagelokale til kyrkjeleg bruk.
- * oppgradering av grøntområde, innanfor løyvde midle.

Det er lagt inn stipulert sum til rehabiliteringstiltak frå 2023.

Investeringsbehov 2021: 0,-

Time kyrkje. Svarar til post 4510 i kommunens økonomiplan.

Arbeidet med sprinkleranlegg og tilknytting til hovudvassledning nord for kyrkja er ferdigstilt. I 2020 er alle benkeputer i kyrkja rehabilitert og trekt om og det vert investert i ny luftfuktar for kyrkja. Varmestyringa og eksisterande ventilasjonsanlegg får ei enkel oppgradering for å betre inneklima og redusere energiforbruk.

Resterande vindaug i kyrkja og klokketårn er ferdig rehabilitert og malt.

Lyktestolpenettet på parkeringsplass bak kyrkja visar seg å vere kopla inn til kyrkja, til trass for at halvparten av stolpane er registrert hjå Lyse. Det vert arbeid med kartlegging av kostnad for samankopling av stolpenettet med øvrige stolpar på gravplassen. Det føreslås at denne kostnaden vert sett på gravplassforvaltninga ved Time kyrkjelege fellesråd.

Det er lagt inn stipulert sum til rehabiliteringstiltak frå 2023.

Investeringsbehov 2021: 0,-

Undheim kyrkje. Svarer til post 4513 i kommunens økonomiplan.

Kyrkjestyret i Undheim ber om midlar til innstallering av solskjerming grunna blanding under kyrkjelege handlingar. Det er òg behov for utskifting av lampar i kyrkjerommet. Fellesrådet stillar seg bak søknaden frå kyrkjestyret. Sjå vedlegg for meir info.

Investeringsbehov 2021: 80.000,-

Frøyland-Orstad kyrkje. Svarer til post 4514 i kommunens økonomiplan.

Maling av Frøyland-Orstad kyrkje vert gjennomført sommaren 2020. Det er oppdaga sprekkdannelser i muren som må utbetrast før maling. Kostnaden til dette er stipulert til 60.000,- og vert delt mellom fellesråda i Klepp og Time.

Investeringsbehov 2021: 0,-

Lye forsamlingshus.

Time kyrkjelege fellesråd følgjer med på utviklinga og utbygginga på Lye mht behov for utviding av Lye forsamlingshus eller framtidig kyrkjebygg på Lye. Det er ikkje spelt inn behov for oppgraderingar av eksisterande lokale i forsamlingshuset.

Investeringsbehov 2021: 0,-

Time bårøhus.

Bårøhuset i Time har sterkt behov for oppgradering. Kjølerom har fuktskadar og køyrer på eit svært energikrevjande anlegg. Kjølerommet er i direkte tilknytting til syningsrom, og det er kome reaksjonar frå sørgande og gravferdsbyrå på bygget og romma sin stand. Bygget har behov for stor innvendig oppgradering, og noko utvendig, for å framstå innbydande for sørgande og besøkande på gravplassen.

Livssynsåpent seremonirom - som ein del av rehabiliteringa av bårøhuset ønskjer fellesrådet å bygge om lokala for å kunne tilby eit livssynsåpent seremonirom til bruk ved gravferdshandlingar. I bakre del av bygget er det tomme lagerlokal som ikkje lenger er i bruk. Ønskjet er å gjere dette om til oppbevaring av nye kistekjølarar, og utvide dagens syningsrom fram til lageret. Dette vil gi eit seremonirom med plass til rundt 100 personar, som kan brukast på tvers av trus- og livssynssamfunn.

Det er òg eit alternativ å utvide bårøhuset bakover for å få plass til eit større seremonirom i forkant. Behovet skal diskuterast med trus- og livssynssamfunn som er verksame på staden.

Stipulert kostnad:

Byggfag - 1.500.000

Tekniske fag - 500.000

Påbygg - 800.000

Kistekjølarar inkl. lift, frakt og montering - 350.000

Investeringsbehov 2021, rehabilitering utan påbygg: 2.350.000,-

Investeringsbehov 2021, rehabilitering med påbygg: 3.150.000,-

Øvrige innspel

Fortau og grusa sti

I forlenginga av utvidinga av Time gravplass ser Fellesrådet det som svært tenleg å få opparbeidd ein grusa sti frå Vestly, gjennom den nye gravplassen, og vidare ned til kyrkja. Frå kyrkja og vidare ned til 505 er det stort behov for asfaltert fortau langs rv 206 for å sikre gåande og syklende. Fellesrådet ber Time kommune utreda dette ved første høve.

Forslag til vedtak:

Time kyrkjelege fellesråd godkjenner innspelet til økonomiplanen slik det ligg føre.

Time kyrkjelege fellesråd 27.05.2020:

Nytt forslag til vedtak, foreslått av Arne Ove Teigen:

Time kyrkjelege fellesråd godkjenner innspelet til økonomiplanen med følgande endring: Det vert lagt til 350.000 i stipulert kostnad for interiør/innvendig rehabilitering av Time bårøhus.

TKF- 035/20 Vedtak:

Time kyrkjelege fellesråd godkjenner innspelet til økonomiplanen med følgande endring: Det vert lagt til 350.000 i stipulert kostnad for interiør/innvendig rehabilitering av Time bårøhus.

Vedlegg:

Innspelet til økonomiplan fra Undheim kyrkje

Tilbud fra Jærsol
Tilbud fra Norikon
Time FR notat 18.05.2020
Notat om prisar, ombygging, utviding, kjøleskap

KOP1